

**Peder Stensletten (85) vann fire gull**

09.03.2008

**Uskedelingen Peder Stensletten (85) held koken på friidrettsbanen, melder Kvinnheringen. Under nordisk meisterskap for veteranar på Island tok han fire gull og to sølv då han stilte opp i seks øvingar.**

Han vann lengdesprang med 2,32 meter, 60 meter på 13,46, 5,47 i tresteg og 95 centimeter i høgde.

Det var ei stor oppleving å koma til Island, seier Stensletten. Men han stoppar slett ikkje der. Seinare i år skal han til Finland og delta i nye konkurransar.